STAVANGER KOMMUNE

Finnøy sentralskule

# Møtereferat

| | |
|---|---|
| **Møtedat/-tid** | 02.06.2026 kl 14.00 |
| **Møtested** | Konferanserommet Finnøy skule |
| **Deltakarar** | Agata Klawikowska, foreldrerepresentant<br>Jan Tore Handeland, foreldrerepresentant<br>Renathe Ekehaug, foreldrerepresentant<br>Hilde Kavli, representant for undervisningspersonell<br>Gro Marit Messmer Larsen, representant for undervisningspersonell<br>Bitten Samuelsen, representant for andre tilsette<br>Håkon Eiane Setvik, elevrepresentant for barnetrinnet<br>Ida Spanne Fausk, elevrepresentant for ungdomstrinnet<br>Karen Olsen, elevrepresentant for ungdomstrinnet<br>Bente Tjelta, rektor<br><br>Forfall: Renathe Ekehaug |

# Referat frå SU møte 2.juni 2026

| **Saksnr** | **Sak** | **Ansvar** |
|---|---|---|
| Sak 23 25/26 | Godkjenning av møteinnkalling<br>Kom litt seint. Feil i medlemslista, Agata hadde falt ut og Gøril stod i staden for. Elles ok<br><br>Vedtak: Møteinnkallinga blei godkjent | Rektor |
| Sak 24 25726 | Godkjenning av referat<br><br>Vedtak: Møtereferat blei godkjent | |
| Sak 25 25/25 | Orienteringssaker<br><br>Elevrådet:<br>• Barnetrinnet har hatt fotballcup, det var gøy. Dei hadde finale i går. dei har sett litt på tal på mobbing, det har blitt betre.<br>• Fotballcup 8. juni, med pokal. Dei rapporterer om mykje utfordringar med hallen og at det er skittent i klasserommet. TL skal ha volleyballturnering.<br>FAU: | Elevråd<br>Foreldre<br>Rektor |

| | | |
|---|---|---|
| | ● Ikkje referat på heimesida, dei er lagt ut nå<br>● Taushetspliktsignering har endeleg kome.<br>● Dugnadsliste til klassekontaktar. Medlemma i SU var litt usikker på kva som skal stå der. Kan diskutera dette i FAU først.<br>● Kan FAU ta opp kor viktig det er med frokost og skolemat? Etter innspel frå elev<br>● Manglar KFU representant<br>● Saknar informasjon frå leiarane og lærarane ut til foreldre. Nokon er gode på å informere og andre får lite informasjon<br>Skule:<br>● Skulen har søkt og fått midlar til fysisk aktiv læring<br>● Drivhuset er fiksa og no vil me ta det i bruk<br>● Arbeidslivsfag lager møbler til drivhuset og fikser skulehagen | |
| Sak 26<br>25/26 | Evaluering av skuleåret<br><br>Bra:<br>- Starte dagen med leik i 1. og 2. trinn og arbeida temabasert har vore veldig bra.<br>- Kjekke prosjekt med jamne drypp; god morgon, Finnøy, storsamling, skøytedag, fellesturar<br>- Faddersamarbeidet mellom 1. og 6. trinn<br>- På veg til å bli meir praktiske og varierte<br>- Skulen er flink til å gå ut på tur, på isen o.l. Overgang mellom barnetrinn og ungdomstrinn er bra<br>- Opplever TL som bra<br>Fokus på praktisk undervisning<br>- 10. trinn - god innformasjon om vegen vidare<br>- Fotballcup skaper meir samhald<br>- Mindre mobbing - betre trivsel<br>- Kulturstova i friminutt på u. trinnet er kjekt, danse og ha det gøy<br>- Små avbrekk i timen.<br>Kvifor:<br>- Elevane er meir engasjerte når ein har temabasert undervisning, og det kan føra til meir dybdelæring. Elevane er meir er kopla på og elevane er ivrige.<br>- Ser “skuleleie” elevar som blomstrer i aktivitetar og prosjekt<br>- Skapar engasjement<br>- Mykje opp til lærarane, men og eit fokus på skulen<br><br>Ikkje bra:<br>- Ha meir fokus på kva for nokre reglar og rutiner som gjeld | Alle<br>- |

| | | |
|---|---|---|
| | - Har nokre utfordringar blant elevane<br>- Ønskjer meir info<br>- Få referat tidlegare og sikre at saker blir tatt med vidare.<br>- Lærarane må følgje meir med og ta på alvor når nokon seier i frå.<br>- Følge meir med på mobilbruk<br>- “Postkassen” er bra å ha i klasserommet, men dei får ikkje alltid svar<br>- Elevane vil ha meir medverknad på kva som blir kjøpt inn, t.d i praksis og variert undervisning<br>-<br><br>Korleis endra<br>- Fokus og diskusjon i personalgruppa<br>- Bruke foreldregruppa meir. | |
| Sak 27 25726 | Utviklingsområde<br>Skulen vil ha fokus på tilpassa opplæring. Dette blir særs viktig når klassane blir større, og ein har større fleksibilitet til å dela gruppene på ulike måtar. Skulen har søkt, og vil få innvilga eit samarbeid med universitetet i Stavanger, der ein vil sjå på korleis ein kan nytta ressursane på ein god måte og få til betre tilpassa opplæring. I arbeid med tilpassa opplæring ser me og på korleis me kan bli betre på ein meir variert, praktisk, aktiv og relevant undervisning.<br><br>Vedtak: SU tok rektor sin informasjonen til orientering | Rektor |
| Sak 28 25/26 | Økonomi<br>Skulen har tatt grep for å få ned overforbruket, bl. anna ved å slå saman klassar. Me ser at me allereie nå kan visa til betre rekneskapstal. I 2025 hadde me eit overforbruk på nærare 5 millionar. Eg har lagt inn prognose på 3 millionar for 2026. Nokre av tiltaka vil ha heilårseffekt i 2027, så me håpar at me då kan visa til enda betre Side 3 av 3 rekneskapstal<br><br>Vedtak: SU tok informasjonen til orientering | Rektor |
| Sak 19 25/26 | Bruk av mobiltelefon<br><br>Rektor meiner at mobiltelefonen burde vore igjen heime, særleg på barnetrinnet. Det er ikkje behov for å ha den på skulen<br><br>FAU har diskutert mobiltelefonreglane og ser at det er ulik praksis på om mobilane blir samla inn eller ikkje. Dei | FAU |

| | | |
|---|---|---|
| | ønskjer at det er same rutinar i forhold til å samle inn mobilen eller ikkje og informasjonen ut til foreldra.<br><br>Vedtak: Rektor tek saka vidare til personalgruppa for å samkøyre reglane og rutinane for bruk og innsamling av mobiltelefon | |